

Årsmelding 2023

Foldnes sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Foldnes sokn



I november dro Foldnes sokn på «menighetsweekend» på Skjergardsheimen. Her gjekk mange på tur til Gløvrebu.

FOLDNES SOKNERÅD



Per Helge Refvik
Soknerådsleiar

Helsing frå soknerådsleiar

Soknerådet sin visjon er at Foldnes kyrkja skal vere «Di kyrkje for alle dagar». Det er mange ulike folk innom kyrkja vår i løpet av eit år, i ulike samanhengar. Vi vonar at alle som kjem kan kjenna seg velkomne og heime, både når dei samlast i sorg, til kvardags og til fest. Vi ønsker

at kyrkjelyden vår skal vere ein reiskap for å formidle kunnskap om trua, og om Gud sin omsorg for oss alle midt i alt som er.

Kyrkjelyden vår har mange engasjerte og trufaste støttespelarar.

Når vi samlast til gudsteneste er det ei rekke frivillige som bidreg. Dei kan vere kyrkjevert, teknikar, forsongar, musikar, skriftlesar, søndagsskuleleiar, ansvarleg for kyrkjekaffi eller ha andre oppgåver. Takk for den fantastiske innsatsen de alle legg ned.

Mellom søndagane er det også mange som legg ned ein stor innsats gjennom sine oppgåver i dei mange faste aktivitetane som går føre seg kyrkja. Det er også mange som bidrar i arbeidet gjennom bøn og gjevarteneste. Vi har ulike komitéar som arbeidar på ulike områder. Ein

effektiv utsmykkings-komité har gjennomført ei rekkje tiltak for å gjere kyrkja enda finare. Vi har eit diakonitval som arbeider med mellom anna besøksteneste og kyrkjeskys. Ei basargruppe førebur og held vår årlege basar, noko som sikrar at vi får pengar til å halde fram med arbeidet vårt og kan støtte til dei to misjonsprosjekta våre: NMS sitt arbeid i Thailand og Israelsmisjonen sitt prosjekt «Jesu døtre». I 2022 fekk vi også tilbake kyrkjekjellaren som kommunen har brukt som barnehage fram til no. Ein eigen innreiings-komité har arbeida med å gjere denne klar til bruk. Takk til alle for alt de bidrar med!

I 2023 var det også kyrkjeval og 24 frivillige var engasjert som valfunksjonærar i dei fire vallokala våre. Totalt brukte desse 150 timar til gjennomføring av sjølve valdagen. I tillegg gjekk det med god ein del tid til nominasjonskomité og anna førebuing av valet. Takk for innsatsen til alle som var med!

Vi er og velsigna med sær flotte tilsette, som er dyktige og engasjerte i si gjerning. Takk for alt de gjer i den viktige tenesta dykkar!

Arbeidet i soknerådet

Soknerådet har hatt 6 møter i løpet av året, og har handsama 64 saker. Døme på viktige saker vi har arbeidd med:

- Førebu og gjennomføring av Kyrkjevalet 2023
- Overtaking av kyrkjekjellaren frå kommunen
- Kyrkjelydsweekend 2023
- Juletreffest
- Sommaravslutning
- Soknerådet har arbeidet med korleis kyrkjelyden sjølv kan bidra i større grad med finansiering av løn til tilsette, i samband med varsla endringar i tildeling av ressursar til soknet frå fellesrådet framover
- Gjennomgang av samarbeid med dei andre sokna i kommunen
- Vidare arbeide med å fornye lydanlegget i kyrkja
- Vurdering av familiarbeidet i soknet
- Diakoniplan
- Felles gudsteneste på Bibeldagen
- Vedtak av budsjett og rekneskap
- Ealuering av misjonsprosjekta
- Fastsetje gudstenestelister og offerlister



Siste del av T2 Påske var i kyrkjekjellaren, der fekk dei utdelt påskekalender, påskebok og forfriskningar.

Medlemmar i soknerådet

Soknerådet hadde fram til **1. november 2023** følgjande medlemmar:

- Maria Tveten (sokneprest)
- Per Helge Refvik (leiar, fast medlem i fellesrådet)
- Olav Ingard Fjeldstad (nestleiar)
- Gunnar Innerdal (sekretær)
- Astrid A. Myskja
- Janne Mo
- Hein Kvalheim
- Harald Rød (varamedlem i fellesrådet)
- Renate Olsen
- Ole Hamre (1. vara)
- Trond Høvik (vara)
- Bjarne Skarestad (vara)
- Jan Terje Sønstabø (vara)

1. november tok det nyvalde rådet til og dette har følgjande medlemmar:

- Maria Tveten (sokneprest)
- Per Helge Refvik (leiar, varamedlem i fellesrådet)
- Olav Ingard Fjeldstad (nestleiar)
- Astrid A. Myskja
- Renate Olsen
- Hein Kvalheim
- Ingelin D. Våge
- Ole Hamre
- Torill S. Nyborg (fast medlem i fellesrådet)
- Renate Olsen
- Gunnar Innerdal (1. vara og sekretær)
- Bente Madsen (vara)
- Trond Høvik (vara)
- Jan Terje Sønstabø (vara)
- Bjarne Skarestad (vara)

Alle vararepresentantane får innkalling og deltek som regel på alle møta.

Arbeidsutvalet er samansett av Maria Tveten, Per Helge Refvik og Olav Ingard Fjeldstad.

Takk til alle i soknerådet for høgt engasjement og trufast arbeide!

ÅRSRAPPORT FRÅ SOKNEPRESTEN



Maria Tveten
Sokneprest

Eg har no vore sokneprest i Foldnes kyrkje i snart seks år, og eg gler meg over at eg byrjar å få betre og betre oversikt over soknet og folka som høyrer til Foldnes kyrkjelyd. Det er absolutt mest eit gode å vere folkekyrkje, samstundes som det og gjer at det tek tid å bli kjend.

Eit blick på det heile

Det er mykje å gleda seg over, og godt å bli minna på noko av det gode som har funne stad i kyrkja i 2023.

Dette året vil eg trekkja fram det gode samarbeidet med barnehagar og skular i kommunen, og at vi difor får fleire møtepunkt med barnehagebarn og skuleelevar gjennom året. Dei som går i andre klasse kjem og får lære om kyrkjegarden, som ein del av den psykososiale undervisninga. Fleire av dei kjem tilbake på adventsgudsteneste i desember, og så møter vi dei endå ein gong når dei i januar er på vandring i kyrkja for å lære om kyrkjekunst, arkitektur og symbolbruk i tredjeklasse. Når vi då to veker seinare, møter mange av dei att på T9 Tårnagenthelg, møter vi barn som kjennar oss og som vi óg kjennar. Då har dei sjølve valt å vere i kyrkja og bruka laurdagskvelden der, og tilbakemeldingane er overveldande: «Kan vi gjera sånn i kyrkja kvar laurdag?», var det ei av deltakarane som sa til mor si.

På pinsedag hadde vi siste gudsteneste i samarbeid med NRK. Det var ei stor glede å vere ei av kyrkjelydane i NRK

sin stall og så valde vi å avslutte samarbeidet medan det framleis gav meir energi enn det tok, og medan vi opplevde at det var eit kjekt oppdrag å ha i lag som kyrkjelyd. Takk til NRK som gav oss ei sånn gåve!

Statistikk

Ei gong i året samlar vi ulike tal frå arbeidet i kyrkjelyden som ei del av rapporteringsarbeidet til SSB. Tala frå Foldnes sokn er i hovudsak gode tal.

Eitt tal som er særleg gledeleg, er talet på døypte dei siste to åra, i forhold til kor mange som vart føydde i Foldnes sokn. Talet på døypte er eit merketal, som og speglar viktige tendensar i samfunnet og folkekyrkja si plass i nærmiljø og kommune. Samstundes spelar det inn at Fjell kyrkje har vore under rehabilitering sidan august, og det kan til dømes ha verknad på dåpstala hjå Foldnes kyrkje.

«Di kyrkje for alle dagar»

Kyrkja har eit stort oppdrag i «...å gjere alle folkeslag til læresveinar». Eit slikt oppdrag gjer at vi alltid har ein heilag uro, fordi oppdraget tek ikkje slutt. Jesus seier til læresveinane sine: «Grøda er stor, men arbeidsfolka er få. Be då han som er herre over grøda, at han må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda si.» Det ber vi om!


Samstundes tydar det å vere kyrkje at vi kan ha ro – fordi det er Gud si eiga kyrkje. Ei kyrkje for alle dagar. Ei kyrkje for heilag uro og heilag ro.





STATISTIKK

DELTA KING PÅ GUDSTENER, TOTALT




Søyla viser det totale talet deltakarar på gudstenester i Foldnes sokn per år. Det er 16 % oppgang i gudstenedeltaking frå 2022 til 2023, i det første normale «driftsåret» etter korona-åra 2020-2022.




Pr. 31.12.2023 er det **8583** medlemmer i Foldnes sokn.

ANTAL DØYPT



GJENNOMSNITTELEG ANTAL NATTVERDSGJESTAR





ÅRSRAPPORT FRÅ BARN OG UNGE

Ein stad å høyre til

Som kyrkje ynskjer vi å vere ein arena der barn og unge kan finne fellesskap, glede og frimod, og der trua og livet får vekse. Slik kan også barn og unge få oppleve: Dette er mi kyrkje for alle dagar!

Kyrkjelivet

Det har vore 14 søndagsskulesamlingar i samband med gudstenester i 2023. Samlinga er todelt med søndagsskule for dei minste og søndagsring frå 5. klasse til konfirmantaldar. På samlingane nyttar vi opplegget til søndagsskulen Norge, «Sprell levande». Søndagsskulen i Foldnes blir driven av fire uløna medarbeidarar frå kyrkjelyden.

Kyrkjelydsweekend blei arrangert for 11. gong på Skjergardsheimen. På laurdagen var det fottur til Gløvrebu, med fantastisk utsikt ut over havet. Leirkvelden med misjonsbasar var som vanleg eit høgdepunkt for mange. Kyrkjelydsweekenden samlar folk frå alle aldersgrupper, og også denne gongen var fleire med på leiren for første gong.

Småbarnsfasen (0-5 år)

Vi har hatt til saman 14 babyongsamlingar i kyrkja vår i 2023, og til saman 55 babyar har vore innom. Frå hausten –23 har vi på kvar samling med oss 2-3 uløna medarbeidarar som hjelper til med både song, spel og lunsjservering, og dette er til stor glede og nytte.

På alle T-dagane i småbarnsfasen har barna med seg minst ein vaksen, og vi gler oss over å sjå at mange besteforeldre, fadrar og andre som står barnet nær, blir med på T-dagen, og slik syner at dei står saman med foreldra i å følge opp dåpsløftet.

Barnehagebarna møter vi minst to gongar i året: På utandørs påskevandringar langs Kyrkjevegen, og på adventssamlingar i kyrkjerommet. Det er ein sann fryd å få oppleve evangeliet med alle sansar saman med barna. Praktisk talt alle barnehagane blir med på både påskevandring og adventssamling, og responsen frå små og store er svært positiv.



Barneskulefasen (6-12 år)

Lillelørdag har hatt 10 samlingar, med ein trufast gjeng med i snitt 20 deltakarar mellom 10 og 13 år. Lillelørdag har fokus på aktivitet og trivsel med gode og trygge vaksne til stades.

T-dagane i barneskulefasen er felles for alle tre sokna i gamle Fjell. Dei ulike dagane fordeler seg på dei tre kyrkjene, men i samband med oppussinga av Fjell kyrkje har fleire T-dagar blitt lagt til Landro og Foldnes. Til dømes hadde vi i oktober for fyrste gong "T10 HalloTweens" i Foldnes kyrkje, og det var stor stas.

Vi har eit godt samarbeid med barneskulane gjennom skule-kyrkjeutvalet i Øygarden (SKU). Gjennom SKU inviterer vi til besøk på kyrkjegarden for 2.kl., besøk i kyrkja for 3.kl., "Vandring gjennom Bibelen"-kurs for 5. kl. og adventsgudstenester for heile barneskulen. Arbeidet gjennom SKU har fokus på kulturformidling, undervisning og identitet.

Ungdomstida

TenSing Lukas har opplevd ei ganske stor minke i oppslutning etter sommaren 2023, fordi det ikkje kom nokon nye medlemmer denne hausten, mest pga manglande interesse frå årets konfirmantar. Likevel er

ungdomane i Lukas svært engasjerte, og opptekne av å ha eit godt miljø, der fleire blir med.

Ungdomslørdag (UL) har hatt 18 samlingar med gjennomsnittleg 18 deltakarar. Totalt 52 personar er ein del av UL-gjengen. I 2023 har det vore eit variert program, med god plass til både lek og alvor. Nokre stikkord: sushi, sukkerspinn og sovepose.


Foldnes sokn samarbeider med Fjell og Landro sokn om ungdomsarbeidet. FUNK (Felles UNgdomsarbeid i Kyrkja) arrangerer leiarkurs (LED) og adventsfest. I tillegg sendte alle sokna representantar til Vegkryss – ungdomstinget i Bjørgvin. Ein av representantane frå Foldnes sokn, Levi Jung, blei vald inn i Bjørgvin bispedømmes ungdomsråd, og derifrå som delegat til Ungdommens Kirkemøte. Fleire av dei eldre ungdommane er også med som leiarar, både på leirar, T-dagar og gudstenester.

Våren 2023 var det 89 ungdommar som blei konfirmerte i Foldnes kyrkje; dette utgjer 90% av kullet. Konfirmantane hadde undervisning, var med på gudstenester og deltok i ulike interessegrupper. Vi har dei siste åra hatt konfirmantar som medhjelparar på "Livets lys", og dette har vore ei positiv oppleving for både deltakarane, leiarane og konfirmantane sjølv.




UTVALDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

BABYSONG



T4 KYRKJEBOK




T12 LYSVÅKEN



KONFIRMASJON



ALL TRUSOPPLÆRING 0-18 ÅR





ÅRSRAPPORT FRÅ DIAKONIMEDARBEIDAREN



Ellen Ebbesvik

Diakonimedarbeider

Diakoniarbeidet i 2023 har vore variert og innhaldsrikt. Diakoniutvalet har bestått av diakonimedarbeidaren og fem frivilljuge. Vi har hatt møte ca. ein gong pr. månad. Hovudfokuset har vore å få ferdig diakoniplanen, som vi har levert og fått godkjent.

I år fekk vi ha alle dei planlagde formiddagstreffa våre. Ein onsdag i månaden møttest 35-40 personar til drøys, song, mat og andeleg påfyll. Kollega Eivind Lie er fast akkompagnatør og bidreg også med solosong. Dei fire frivilljuge som lager mat og serverer gjer ein kjempeinnsats. Gjennom året har vi hatt besøk av til saman 320 personar.

Me har hatt besøk av Asgeir Straume, Roy Lerberg, Øystein Rønhovde, Solveig Gudmundsen, Birthe Sofie Sørensen, Gunhild Dobbe, Marta Irene Eriksrød, Kenneth Hjortland, Per Heimdal og Maria Tveten.

Sorgarbeidet er ei viktig diakonal teneste, både i samtalar med enkeltpersonar og arrangement.

I år arrangerte vi ein felles sorgkveld for alle sokna i Foldnes kyrkje. Sølvi Hopland heldt fordrag og bidrog med song. I forkant av allehelgensgudstenesta, hadde vi stand på Sartor senter. Diakon og prestar delte ut lys og materiell. Vi fekk også fleire gode, men korte, samtalar med dei som kom bort til standen.

På allehelgenssøndag vart alle pårørande som hadde mista ein av sine sidan hausten 2022 spesielt inviterte til gudsteneste. Vi las opp alle namna og tente lys for dei avdøde.

Diakonmedarbeidaren tilbyr samtalar/heimebesøk. Dette inkluderer både sjelesorg og sorgarbeid. Dette arbeidet har hatt ei auke sidan 2022. Vi har også frivilljuge som reiser på besøk for samtale over ein kaffikopp. Diakonimedarbeidaren har også vore ein del innom Øygarden lokalmedisinsk senter og Straume bu- og servicesenter.

Den årlege kyrkjelydsturen på sommaren vart avlyst då det var for få påmeldte.

Hausten 2023 arrangerte vi parkveld, med fleire deltakarpar enn i 2022. Anine og Thomas Mildestvedt leie oss gjennom kvelden med temaet «Hvordan få et kjærlighetsforhold til å vare». Det vart gitt tid til at para fekk snakka seg i mellom om ulike utfordringar i forholdet. Vi fekk positive tilbakemeldingar. Det er ønska ny samling til hausten 2024.

Denne hausten vart diakonimedarbeidaren trekt inn i arbeidet med «Livets lys». Dette er eit tilbod til alle utviklingshemma i alle aldrar i heile kommunen. Ei samling der vi starta i kyrkjerommet med mykje song og musikk. Avsluttar samlinga med eit kveldsmåltid.

Diakoni har også vore med i undervisning for barn og unge.

Diakoniutvalet ønskjer å få tatt i bruk kjellaren i kyrkja. Lokala vart ikkje klare i 2023. Målet for 2024 er å ha eit lågterskeltilbod to dagar i veka. Ein føremiddag og søndag ettermiddag. Her kan folk komme inn for ein kopp kaffi og samtale. Dette er ei teneste som hovudsakeleg vil bli drevet av frivilljuge.

Planane framover i 2024, er å ha ei aktiv diakoniteneste i soknet.

ÅRSRAPPORT FRÅ ORGANISTEN



Aasmund Brekke
Organist

Gudstenester

Musikkarbeidet i gudstenester har følgt same mal som i tidlegare år, med vekt på eit variert musikalsk uttrykk, med bruk av både orgel, piano og band, og med forsongarar på kvar gudsteneste. På nokre av formiddagsgudstenestene og kveldsgudstenestene har det vore med band.

I Foldnes kyrkje er det ei gruppe på omkring 17 frivillige forsongarar som byttar på å leia salmesongen på omtrent alle gudstenester gjennom året. I tillegg har rundt 10 frivillige musikarar og solosongarar medverka ved ein del av gudstenestene, dessutan har vi nokre gonger leigd inn profesjonelle musikarar.

Elles har fleire kor/korps medverka på gudstenester gjennom året, m.a. Gospelkoret Lokal Vokal med band, Lukas TenSing og Musikklaget Fjellklang.

Radio- og TV-gudstenester

I 2023 vart prosjektet med radio- og TV-gudstenester på NRK fullført og avslutta, siste gudsteneste var i slutten av mai. Det vart gjennomført fire gudstenester, desse vart

sendt både på radio og TV (P1+ og NRK 1). På dei fleste av desse gudstenestene medverka lokale frivillige musikarar og songsolistar, pluss innleigde profesjonelle musikarar på eit par av gudstenestene.

Musikkarbeid på RAMP-samlingar

Arbeidet med musikk på RAMP-samlingane har halde fram etter same mal som tidlegare, men med eitt nytt innsalg: ein haustkonsert som oppstart av haustsemesteret med husbandet og lokale solistar. Organisten har det musikalske ansvaret, og får hjelp av eit fast husband med tre musikarar som stiller som frivillige, pluss vekslende solistar, i 2023 har det vore med sju frivillige solistar.

Korarbeid

Gospelkoret Lokal Vokal øver kvar onsdag under leiing av dirigent Lene Innerdal. I 2023 har koret medverka ved fleire gudstenester (m.a. ei TV-gudsteneste). I tillegg har koret arrangert to store konsertar på eiga hand.

Mannskoret Avogtil øver og opptrer av og til, og har sunge på Vi syng jula inn og på høgtidsgudstenesta 1. juledag.





Konsertar i kyrkja

Dette året har følgjande konsertar i Foldnes kyrkje vore:

- 19.03: Konsert med Fjellkoret
- 28.03: RAMP påskekonsert
- 29.05: Vi synger sommeren inn: Gospelkoret Lokal Vokal
- 18.06: Fjellklang sommarkonsert
- 24.06: Konsert med Sebastian Dürfler
- 29.08: RAMP haustkonsert
- 01.10: Gospelsøndag
- 22.10: Jazzkonsert med Aasmund Brekke Trio
- 12.11: Gospelsøndag
- 30.11: Stille Natt: Julekonsert med Rune Larsen etc.
- 03.12: Julekonsert med Gospelkoret Lokal Vokal
- 04.12: Julekonsert med Lukas Tensing
- 05.12: RAMP adventskonsert
- 12.12: Generalprøve til Ottesong med Øygarden Kulturskulekor
- 13.12: Ottesong med Øygarden kulturskulekor
- 14.12: Konsert med Demenskoret i Øygarden
- 18.12: Vi syng jula inn
- 21.12: To konsertar med Fjellkoret

I haustsemesteret har kyrkja hatt besøk av allsong-opplegget Gospelsøndag som vanlegvis held til i Fjell kyrkje, som er stengt grunna oppussing. På dei to arrangementa i løpet av hausten har det vore stadig aukande publikumsoppslutning, med så å seia full kyrkje.

Alt i alt har alle konsertane vore svært godt besøkt, med eit totalt publikumstal på 1424 på sju utleigekonsertar, og til saman 2069 på dei 12 konsertane vi har arrangert sjølv.

Medarbeidarane i Foldnes sokneteamb:

Medarbeidar	Stilling
Maria Tveten	Sokneprest
Mathilde Karin Dale	Soknetamleiar
Aasmund Brekke	Organist
Line Steinsland Mosnes	Administrasjonskonsulent
Ellen Ebbesvik	Diakonimedarbeidar
Elisabeth Møll Jung	Trusopplærar
Beate Sørhus	Kyrkjelydspedagog
Kyung Mi Yun	Ungdomsarbeidar
Leo Jung	Ungdomsarbeidar
Janne-Lin Fjeld Andersen	Kyrkjetenar
Odd Ivar Frafjord	Kyrkjetenar
Marte Pernille Tveten	Helgekyrkjetenar

Årsrekneskap for Foldnes sokneråd 2023

Foldnes sokneråd har i 2023 hatt eit samla positivt resultat før avsetjingar til fond på kr 327.153. Samla utgifter utgjer kr 699.050 og samla inntekter utgjer kr 1.026.203. Mindreforbruket er foreslått avsett til disposisjonsfond. Økonomisk har det soleis vore eit godt år for Foldnes sokneråd.

Foldnes sokneråd har i 2023 brukt kr 77.000 til å dekke 20% ungdomsarbeidar stilling i fellesrådet.

I tillegg er det dekket løn til dirigent i Gospelkoret Lokal Vokal med kr 101.682.

Offer innsamla til eigne verksemd utgjer kr 173.468 i 2023. Offer til andre formål utgjer kr 191.989 og er utbetalt til ein rekke formål i 2023. I fast gjevarteneste er det samla inn mellom anna kr 126.290 til barne og ungdomsarbeid og kr 22.900 til RAMP. Vidare har Foldnes sokn motteke gaver frå andre på til saman kr 140.281. Av dette er det mellom anna motteke kr 62.369 til Gospelkoret og kr 24.000 til RAMP.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Foldnes sokneråd på mange ulike måtar i 2023.

